



Sak: Utviding Steinevik naturreservat - kandidat område - supplerande vern - Austevoll
Til: Vår dato: 15.12.2023
Vår ref.: 2023/12934
Saksbehandlar, innvalstelefon
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Kopi til: Austevoll kommune

Referat frå informasjonsmøte om utviding av Steinevik naturreservat på Selbjørn

Tid og stad:

5. desember, kl 18.00-20.15. Austevoll folkebiblioteket i Bekkjarkvik.

Til stades:

Om lag 40 frammøtte. Møtet var ope for alle og dei fleste var grunneigarar. Austevoll kommune var representert med kommunalsjef for samfunnsutvikling Ingrid Danielsen Henriques, og Aase Nøttveit og Åse Meling Underhaug frå landbruks – og miljøkontoret.

Frå Statsforvaltaren: Magnus Johan Steinsvåg og Solveig Kalvø Roald.

Invitasjon var sendt direkte til alle grunneigarane. I tillegg var møtet kunngjort i Marsteinen både både digitalt og i papirformat. Møtet var også annonsert på nettstaden til Statsforvaltaren i Vestland.

Føremål med møtet:

Vi ønskte å informera om forslag til kandidat område for supplerande vern ved utviding av Steinevik naturreservat. Vidare bakgrunn for oppdraget og kva følgjer det kan få for grunneigarar og andre brukarar av området. Å få innspel til verneframlegget var også viktig, slik at vi kan gjera justeringar om det er trong for det.

Referat:

Leiar i Selbjørn grunneigarlag Jan Kenneth Østervold ynskte velkomen til informasjonsmøtet og gav ordet vidare til Statsforvaltaren.

Orientering frå Statsforvaltaren

Statsforvaltaren ved Steinsvåg takka for invitasjonen og orienterte om verneoppdraget. Situasjonen for naturmangfald globalt og lokalt i Vestland er dramatisk. FN sitt naturpanel (IPBES) av ekspertar skildrar ein situasjon der ein million av åtte millionar artar er trua, og mange av desse vil bli utrydda i løpet av dei næraste tiåra. Om lag 75% av landareala som leveområde for dyr og planter er sterkt endra av menneske og 85% av alle våtmarkene er allereie tapt. I Norge er 2 752 artar klassifisert som trua, og 599 av desse har Vestland som levestad. Om lag 90% av alle dei trua artar i Norge er trua av arealendringar, og det er særleg nedbygging av natur og opphøyr av tradisjonelle landbruksformer som er årsaka til dette.



Å verna natur etter naturmangfaldlova kap II er det viktigaste verkemiddelet til å ta vare på leveområda hjå oss. Men til no har ein mest verna isbrear, fjell og høgareliggande område i Norge. Faglege evalueringar har vist at vernet til no ikkje er representativ. Det må vernast meir areal i låglandet og særleg langs kysten.

Derfor fekk Statsforvaltaren i oppdrag 30. oktober 2018 om å identifisera verneverdig natur som kunne egna seg for [supplerande naturvern](#). Totalt 99 område vart spilt inn frå Vestland, og totalt 33 av desse var tilrådd for vidare arbeid frå Miljødirektoratet. Eit av desse er det aktuelle kandidatområdet på Selbjørn. Dette er føreslått som ei utviding av Steinevik naturreservat med drygt 9000 dekar. Hovudføremålet med vernet vil vere å sikra tradisjonell lyngheidrift med beite og såleis ta vare på området for framtida.

Kandidatområdet har mange svært viktige naturkvalitetar som samla sett gjer at det har stor verneverdi. Det er store inngrepsfrie areal med kystlynghei, myr og noko naturbeitemark. Kystlynghei er klassifisert som sterkt trua naturtype og naturbeitemark som trua. Det er også registrert ein rekkje trua artar. Området er viktig som friluftsområde.

Med vern vil forvaltinga få fleire moglegheiter til å stimulera til at ein tek opp att utmarksbeite med sau og brenning av lynghei og uttak av framande treslag som sitkagran. Økonomisk støtte kan også omfatte gjerdehald eller andre tema som i praksis er nødvendige for å skjøtta landskapet. Vernet vil også gjere det lettare å forvalta og «drifta» turstiar på ein god måte som ikkje går ut over vegetasjon og dyreliv. Eit vil vern vil gjer det lettare for forvaltinga å få finansiering til å gjennomføre tiltak som kanallisering av ferdsle, etablering av klopper og andre tiltak for å redusera tråkkslitasje om det er nødvendig.

Grunneigarar har ved eit vern rett på erstatning dersom pårekneleg bruk vert forbode etter [naturmangfaldlova § 50](#). Dette vert handtert etter vernevedtak i regi av Miljødirektoratet.

Det er eit fåtal bygningar innafor forslaget til verneområdet i Hottvika. Desse vil kunna brukast som vanleg og vølast ved behov.

Vi ønskjer innspel på kandidatområdet så tidleg som råd sjølv om vi ikkje har starta med formell verneprosess endå.

Roald frå Statsforvaltaren gjekk nærmare inn på naturtypene kystlynghei og naturbeitemark, korleis dei er blitt utforma, kvifor dette er viktig og trua natur. Kystlynghei er òg faktisk òg ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52.

Både kystlynghei og naturbeitemark er naturtypar som treng aktiv skjøtsel (brenning, beiting ikkje tilføring av kunstgjødsel eller gylle mm). Det er ulike økonomiske støtteordningar til dei som ønskjer å ta vare på desse naturtypene og skjøtta dei på ein tradisjonell måte. Med vernestatus vil det vere lettare å få økonomisk støtte og faglege rettleiing til å halde desse naturtypene i hevd.

Innspel, spørsmål og svar

Etter presentasjonane vart det opna for spørsmål og innspel frå dei frammøte.



Innspel frå salen: Erfaringane frå vern av Steinevik naturreservat var at grunneigarane fekk svært låge erstatningar, medan advokatane som forhandla fram erstatningsnivået fekk ein større del.

Svar frå Statsforvaltaren: Alle grunneigarar/rettshavarar har rett på erstatning og kan fremje egne individuelle krav om det. Og så er det kva rettslege ulemper vernet vil gje som vil avgjere nivået på erstatning. I dag inngår areala for dette kandidatområdet som LNF-område i gjeldande kommuneplan og er i tillegg kartlagt som kystlynghei og naturbeitemark som er nasjonalt trua naturtypar. Derfor er det også i dag svært avgrensa kva som etter gjeldande regelverk (plan- og bygningslova og naturmangfaldlova) som kan tillatast. Det er derfor mest truleg at erstatningane for desse areala vil vere relativt låge. Det er først etter vernevedtaket at arbeidet med erstatning tek til og då er det Miljødirektoratet som har ansvaret for det. Og så vil det vere mogleg å fremje egne krav om det er spesielle tema ein ønskjer vurdert erstatta.

Innspel frå salen: Det kom innspel på nokre feil i adresselista, blant anna ein av dei frammøtte som ikkje var på lista sjølv om han er grunneigar.

Svar frå Statsforvaltaren: Vi har tatt utgangspunkt i avgrensinga av kandidatområdet og gjort kartteknisk analyse der vi har trekt ut alle eigedomane som kom innfor denne avgrensinga. Derfor er adresselista basert på gjeldande offisielt eigedomsregister. Vi ønskjer attendemelding på feil i adresselista og vil oppdatere denne løpande slik at alle grunneigarane får nødvendig informasjonen i løpet av prosessen. Vi ønskjer også å gjere denne informasjonen naturlegvis tilgjengeleg til lag og organisasjonar og alle andre som er interesserte i dette arbeidet.

Innspel frå salen: Kvifor er det nødvendig å verna når det allereie er registrert som kystlynghei? Når dette er trua natur som frå før har eit slags vern gjennom plan - og bygningslova?

Svar frå Statsforvaltaren: Det er heilt korrekt at desse områda er særleg viktige for naturmangfaldet og har derfor eit særleg omsyn etter gjeldande regelverk. Vi meiner likevel at kvalitetane i seg sjølv fortener ein endå sterkare beskyttelse. Med utviding av Steinevik naturreservat til å gjelde desse areala vil ein sikra områda mot større inngrep som vindmølleparkar, solcelleindustri, hyttefelt og andre inngrep. Minst like viktig vil vere at de vil få staten i større grad «med på laget» i å forvalta desse områda som lynghei og naturbeite slik som de allereie bevisleg har gjort i fleire tusen år. Eit vern gjev miljøforvaltninga nye finansieringskjelder til å støtta opp om lyngheidrift med brenning og hald av utegangarsau og ikkje minst kontroll og uttak av framande treslag som sitkagran. Klima – og miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren i Vestland er den største «arbeidsgivaren» til skogentreprenørane i fylket nettopp fordi det er gjort omfattande tiltak for å fjerna sitkagran og andre framande treslag. Behovet for eit slik satsing også på Selbjørn er stort, og om ein ikkje tek grep i nær framtid vil det bli for seint.

Innspel frå salen: Oppfølgjande spørsmål på førre innspel, om at ein har sett at enkelte område som er verna som friluftsområde ikkje vert stelt bra og skjøtta på ein god måte.

Svar frå Statsforvaltaren: Sikra friluftsområde vert gjort etter anna regelverk og vert forvalta gjennom kommunane og fylkeskommunen. Derfor er ikkje desse områda representative for korleis vi forvaltar naturvernområda. I tillegg er jo ikkje føremålet med friluftsområda å ta vare på viktig naturmangfald slik som føremålet med naturreservata er. Ved å verne meir av det aktuelle arealet på Selbjørn vil det forplikta staten til å halde tilstanden til kystlyngheine og dei andre områda i god hevd og tilstand. Dette vil naturlegvis vere poenget med vernet og vil vere ein heilt sentral del det juridiske verneføremålet i verneforskrifta. Vi ønskjer derfor gjennom samarbeid med grunneigarane og andre, å legge best mogleg til rette for auka lyngheidrift, beiting og tradisjonell bruk av utmarka slik at føremålet med vernet vert ivaretatt.



Innspel frå salen: Kandidatområdet er drygt 9000 dekar stort og ein meinte at staten hadde vore for grådige i avgrensing av området. Statsforvaltaren burde redusera det og heller utvida det seinare dersom ein fekk ytterlegare oppdrag på meir vern.

Svar frå Statsforvaltaren: Vi har teke utgangspunkt i areal som er registrert som trua naturtypar og som ein derfor ønskjer nasjonalt å ta vare på. Det er i tillegg berre tatt med areal som allereie ligg inne som LNF i kommuneplanen sin arealdel. Det er sant at forslaget til utviding av Steinevik naturreservat er stort, og utgjør omtrent halve Selbjørn. Men det er likevel betydelege areal av naturtypen kystlynghei i austre halvdel av øya som ikkje er inkludert. I vårt forslag har vi skissert at vernegrensa ikkje går lengre aust enn høgdedraga og «nord/sørinja» med Rabba fjellet og Djupavåg fjellet. I bevaringsbiologien er kvantitet også ein svært viktig kvalitet. Å ta vare på store areal er viktig. Vi ønskjer å ta vare på viktige naturområda for å sikra overleving av planter og dyr på lang sikt. Då treng dette fantastiske artsmangfaldet areal å boltra seg på. I tillegg må vi ha i mente dei store endringa som allereie skjer med klimaendringane som vil føra til store påverknad på lokal natur og såleis treng areal å tilpassa seg på.

Kystlynghei er i tillegg ein naturtype som (naturleg nok) dekker større område og såleis dannar heile opne landskap. Derfor blir det naturleg nok også ein del areal av det. Dette vil også vere optimalt og rasjonelt med tanke på lyngheidrift. Og så er det slik at vi må verne dei viktigaste naturområda der dei er.

Innspel frå salen: Det vart uttrykt at det er viktig at det er grunneigarane sjølve som må ta stilling til om det skal brennast lyng eller gjerast andre tiltak på eigedommen sin. Og så er det viktig at ein har ei heilskapleg tilnærming til dette i forvaltinga.

Svar frå Statsforvaltaren: Det er korrekt at det er grunneigar som avgjer dette, og vi har i tillegg nært samarbeid med lokalt landbruk - og miljøkontor, grunneigarlag, mattilsyn og eventuelt andre aktørar som det er naturleg å samarbeida med.

Innspel frå salen: Det vart poengtert at for å drifta området med lynghei og utegangarsau, vil det vera avgjerande å få bygd landbruksveggar for å koma inn i områda. Dette er til liks med behovet for å etablere skogsveggar for å ta ut skog.

Svar frå Statsforvaltaren: Føremålet med vernet vil vere å ta vare på området, og då ønskjer vi å gjere rammene for lyngbrenning og tradisjonell drift betre. Men det er samstundes viktig at ikkje vernet i seg sjølv genererer nye inngrep, som elles ikkje hadde blitt gitt løyve til utan vernet. Tradisjonelt sett har det ikkje vore behov for landbruksveggar for å drifta og skjøtta kystlynghei. Derfor er dette noko vi er skeptiske til. Dette er likevel eit spørsmål og tema som vi kan svare ut i det vidare arbeidet.

Innspel frå salen: Svært positiv til at Statsforvaltaren ønskjer gjennom vernet å ta grep mot sitkagran. I nordaust ser det ut til at vernegrensa går gjennom ein skog med siktaskog like aust for Rabba fjellet. Er grensa trekt slik for å ta ut grana?

Svar frå Statsforvaltaren: Grensa er mest trekt slik for å følgja høgdedraget i landskapet og såleis har litt av denne skogen kome med. Skog skal berre vernast etter ordninga frivillig skogvern. I dette tilfellet har vi to moglegheiter: enten inkludere området, men då må vernet her gå gjennom eit frivillig vern, eller så kan vi grensa ut skogen. Uansett tenkjer vi at det er ønskjeleg i dialog med grunneigarar å handtere tilgrensande skog av framande treslag som utgjør eller vil utgjere trugsmål for spreiding av frøplanter til eit verneområde.

Innspel frå salen: Somme stader går forslag til vernegrense ganske så nært bustadområde. Eksempelvis ved Gauksheim og Steinavika. Kan grensa trekkast lengre unna slike stader?

Svar frå Statsforvaltaren: Vi har teke utgangspunkt i offentlege og digitalt tilgjengelege kartkjelder for viktige naturmangfald som Miljødirektoratet sin [naturbase](#) og [Artskart](#) hjå [Artsdatabanken](#). I tillegg



har vi vurdert desse førekomstane opp mot kommuneplanen sin arealdel. Det er berre LNF-område som er inkludert i forslag til kandidat område for vern. Men vi skal i vidare arbeid ta innspelet med oss og sjå nærare på kor ei grense bør gå, og sjå om den somme stader har kome for nært bustadområde.

Innspel frå salen: Areal det no er snakk om har vore i bruk i lang tid, og det er mange grunnmurar og restar frå ulike typar bygningar og bruk. Vil det vere mogleg å restaurera nokre av desse i eit verneområde?

Svar frå Statsforvaltaren: Det er normalt å ha slike opningar i vernereglane for mange naturreservat. Her er brukshistoria så sentral for den natur- og verne kvalitetane vi ønskjer å ta vare på gjennom vernet, at vi kjem til å opne for slik restaurering i verneforskrifta. Vi kjem til å føreslå å gjere det søknadspålagt slik at vi kan gå i dialog med søker om gjennomføring. Vi tenkjer også at det å verna dette området kan gjera det lettare å få tilskot frå kulturminneforvaltninga som støtte for slikt restaureringsarbeid. Eit naturreservat er eit kvalitetsstempel i seg sjølv.

Innspel frå salen: Ein av dei frammøtte tok ordet og fortalte om då han hadde besøk frå Sverige og var på turar både på sjøen og ute i lyngheiene. Dei gjentok fleire gonger at «ni vet inte vad ni har». Han sjølv var frå Valdres og kan sjå på kvalitetane ein til dagleg lever med på Selbjørn frå ein litt annan vinkel. Her er det ein heil pakke av sterke naturkvalitetar og enkeltopplevingar som samla sett vil ha potensiale for reiseliv og anna næringsutvikling. Landskapet, lyngheidrifta, villsau, mat med ramme av naturopplevingar. I tillegg vil det vere viktig å hindre hyttefelt, vindmøller, sitkagran og andre inngrep som kan øydelegga dette potensialet.

Svar frå Statsforvaltaren: Vi er samd i vurderingane i potensialet som ligg i desse kvalitetane.

Innspel frå salen: Ein har fått brev frå Austevoll Kraftlag om dei som brenn lyng sjølve må ta risikoen ved lyngbrenning nært/under kraftlinja som går tvers over Selbjørn og gjennom kandidat området. Meiner at kraftlaget sjølv bidreg til brannfaren ved at det er mykje høg vegetasjon under kraftlinjene som gjer brenning av lyng vanskeleg. Statsforvaltaren må ta kontakt med kraftlaget om dette, i og med at lyngbrenning skal satsast på i dette området framover.

Svar frå Statsforvaltaren: Det er eit viktig innspel som vi vil ta opp med kraftlaget. Viktig at lyngbrenninga kan føregå på ein rasjonell måte, og her må alle partar bidra til det.

Innspel frå salen: Deltakaren har jobba med pollenanalysar og trekte fram at det også har vore kystlynghei langs kysten av Portugal, men at den no so og sei er forsvunne. Attgroinga skjer raskt, også på Austevoll.

Svar frå Statsforvaltaren: Det er heilt korrekt og stadig fleire område der kystlyngheiene var vanlege før, er no i sterkt tilbakegang eller heilt forsvunne. Med dette vernet ønskjer vi å ta vare på denne naturarven, det særprega landskapet og artsmangfaldet.

Her kan ein lesa litt meir om [oppdraget vårt omkring supplerande vern](#). Og på denne sida har vi kort med bilete, kart og omtale, presentert alle dei [33 aktuelle kandidat områda](#) for vern i Vestland.

Referent: Steinsvåg og Roald.